




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ørsta vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2023-24



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	4
2.1 Organisasjonen	4
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	5
2.3 Inntak vg1 - føresetnader	6
3. Læringsmiljø	8
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	8
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	9
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	10
4. Skoleårsresultat	11
4.1 Fullført og bestått - skoleårgjennomføring	11
4.2 Karaktersnitt	12
4.3 Fråvær	13
4.4 Elevar som har slutta	14
4.5 Overgangar	15
5. Leiing og profesjonsutvikling	16

1. Rektor har ordet

Skuleåret 2023/24 var det 323 elevar som tok si yrkesfaglege utdanning ved Ørsta vidaregåande skule. For oss som arbeider ved skulen er målet vårt at elevane skal oppleve å meistre fagutdanninga si gjennom praktiske aktivitetar og ei utforskande tilnærming. I samarbeid med lokalt arbeidsliv legg vi til rette for lærelyst og at opplæringa skal vere praksisnær og relevant for alle elevar. Vi ynskjer at elevane våre går ut frå skulen så godt førebudde til arbeidslivet som mogleg.

Alle tilsette ved Ørsta vidaregåande skule har eit sterkt fokus på å bidra til at alle elevar får eit godt læringsmiljø og å fullføre vidaregåande opplæring og bli kvalifisert for arbeidsliv og utdanning. Gjennom eit godt samarbeid med kommunane i vår inntaksregion, prøver vi å lage gode overgangar mellom ungdomsskule og vidaregåande skule slik at elevar og foreldre er best mogleg budd på skolestart og den skulekvardagen dei møter hos oss.

Å vere «tett på» eleven er viktig. Dette gjeld ikkje minst i det daglege arbeidet som kvar enkelt tilsett gje. Å få til gode relasjonar mellom elev og tilsett er avgjerande, og det er gjennom desse relasjonane vi har moglegheiter til å oppfylle intensjonane i opplæringslova. Som skule skal vi både utdanne, men også danne. Som statistikkane viser, våre tilsette gjer eit solid arbeid, og dei fleste elevar lukkast i stor grad med å gjennomføre utdanninga si på ved skulen på ein god måte.

Men vi prøver også å vere «tett på» også på ein meir systemretta måte.

Økonomiutfordringar har ført til store endringar i skulen, sjølv sagt også negativt. Men samtidig har vi prøvd halde fokus på at endringar i minst mogleg grad skal gå utover elevane si opplæring. Skulen har eit breitt rekrutteringsgrunnlag. Alle elevar ynskjer å ha eit godt liv, og å lukkast. Men nokre har ein ballast som gjer at vegen kan vere vanskeleg. For våre tilsette inneber dette at det til tider kan vere krevjande møter med elevar og føresette. For organisasjonen vert det viktig i krevjande økonomiske tider å halde fokus på at vi skal vere «tett på eleven», og at arbeidet må konsentrerast om kjernearbeidet – å

sørge for at alle elevar får ei så god utdanning i tida på ØVS som mogleg. Målet er å utvikle ein effektiv organisasjon der både rådgjevarar og leiing skaffar seg innsikt i og held oversikt over enkeltelevar ved skulen. På denne måten kan vi støtte lærarar, fagarbeidarar og assistentar i arbeidet, og setje inn målretta tiltak der det krevst.

Elevane våre har også stor nytte av eksterne samarbeidspartar. Eit godt samarbeid med PPT har ført til at vi er i prosess med å styrke deira rolle som støtte til elevar og tilsette. Vi opplever også at samarbeidet med kommunen, gjennom helsesjukepleie og miljøretteleiarar, er i god utvikling. Og også mot NAV og politi har vi eit godt og konstruktivt samarbeid. Vi håpar på at vidare tverretateleg arbeid kan løfte enno fleire inn i arbeids- og samfunnsliv på ein god måte.

Vi lever i eit globalisert samfunn og vi har også eit fokus på internasjonalisering ved skulen. Vi ynskjer å gje elevane internasjonale opplevingar som dei får nytte av i arbeidslivet. Skuleåret 23-24 fekk vi gjennomført elevutplassering i utlandet gjennom allereie etablerte prosjekt. Gjennom Erasmus+ fekk vi også starta prosjekt innan nye fagområde. Målet vårt er å vidareutvikle prosjekta, slik at enno fleire elevar får verdifull internasjonal erfaring og innsikt.

Sjølv om vi skuleåret 23-24 gjennomførte svært krevjande økonomiske nedskjeringar vil nok økonomi også framover vere krevjande. Vi er alle bekymra for konsekvensen utviklinga i økonomien vil få for kvaliteten på opplæringa til elevane og høve til å kunne skape dei gode læringsøktene som ein veit må til for å lukkast med å førebu seg for eit yrkesliv.

Bjørnar Sæterås

Rektor


2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	56
Tal på årsverk i leiarstillingar	5
Tal på årsverk andre tilsette	13

Gjennom skuleåret 23-24 vart det gjort endringar på mange nivå ved skulen. Både i leiing, rådgjeving, på lærarsida og knytt til støttepersonell har det vore gjort reduksjonar, på grunn av ein svært krevjande økonomisk situasjon. Dei fleste av endringane gjeld frå skulestart 24-25, men ved slutten av skuleåret 23-24 består leiinga ved skulen av rektor, 4 pedagogiske avdelingsleiarar og fagleiar administrasjon. Skulen har inkludert fagleiar 3 tilsette på kontoret. Det pedagogiske personalet består av 5 lektorar, 42 adjunktar, 10 lærarar, 4 fagarbeidarar og 6 assistentar. Personalet er fordelt mellom 50% menn og 50% kvinner.

Organisasjonskart Ørsta vidaregåande skule



PERSONALANSVAR

Rektor Bjørnar Sæterås:
Personalansvar leiing/prosjektlei.

Fagleiar administrasjon Guro Buset:
Personalansvar kontor.

Avdelingslei HO og Elevtenester: Anne-Marit Bae:
Personalansvar lærarar HO.
Personalansvar rådgjevarar og assistentar.

Avdelingslei RM og Fellesfag: Ann Kathrin Sætre:
Personalansvar lærarar RM.
Personalansvar lærarar som underviser berre fellesfag.

Avdelingslei TIF og Elektro, Per Tore Måen:
Personalansvar lærarar TIF.
Personalansvar lærarar EL.

Avdelingslei BA: Odd Erik Engetrøen:
Personalansvar lærarar BA.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Teknologi- og industrifag	70	34		104
Restaurant- og matfag	12	11		23
Helse- og oppvekstfag	42	41		83
Bygg- og anleggsteknikk	40	14		54
Elektro og datateknologi	24	24	11	59
Total	188	124	11	323

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	27
---	----

Bygg og anleggsteknikk: 4 klasser på vg1 og 1 klasse på vg 2. Stor auke i søkartala til vg1 frå førre år. Få vg1-elevar 22-23, difor berre ei vg2 klasse 23-24. Vidare fin trend i tal jenter på programområdet.

Elektrofag: Elevtalet er stabilt, og med god søknad. Skulen hadde 2 klasser på vg1 og 1 klasse i kvart av vg2 tilboda; Elenergi og Automatisering og 1 klasse på vg3 Automatiseringsfaget.

Helse- og oppvekstfag: Det kom i gong berre 3 klassar på vg1 dette året. På vg2 hadde vi 1 klasse i kvart av vg2 tilboda Helseservicefag, Barn- og ungdomsarbeidarfag og Helsearbeidarfag.

Restaurant- og matfag: 1 klasse på vg1 og 1 klasse på vg2 Kokkefag. Elevtalet er stabilt over fleire år.

Teknikk- og industriell produksjon: Svært god søking, og med heile 6 klasser på vg1. Også bra med elevar på vg2 tilboda våre, ei klasse på kvart av dei tre tilboda våre: Industriteknologi, Køyretøy og Arbeidsmaskin.

2.3 Inntak vg1 – føresetnader

2.3.1 Fordeling grunnskulepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	9,8%	8,0%	Fylket 2023-24
0 eller ingen	3,1%	6,4%	6,3%
0 - 25	9,8%	9,6%	2,8%
25 - 30	15,3%	19,8%	5,9%
30 - 35	20,2%	21,9%	11,7%
35 - 40	26,4%	24,1%	17,4%
40 - 45	10,4%	9,6%	21,4%
45 - 50	4,9%	0,5%	19,4%
Over 50	9,8%	8,0%	15,1%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Ørsta vidaregåande skule	36,4	38,8	39,8	38,3	36,6
Fylket	41,1	42,3	42,2	42,5	41,4

2.3.3 Skulen sine kommentarar og analyse

Generelt har skulen god søknad, og fleire elevar enn tidlegare. Som det går fram av tala ovanfor får skulen inn ein relativt stor del elevar med låg karakterpoengsum frå ungdomskule. Vi er ein rein yrkesfagleg skule, og meiner også at det er viktig at vi gir plass til elevar som ikkje har opplevd den teoretiske delen av ungdomsskulen som motiverande. Det er såleis viktig at inntaksgrensene våre ikkje er for høge, og vi har tradisjon for å strekke oss langt for å gje eit tilbod til ungdomar som ynskjer plass hos oss. På enkelte programområde, til dømes Teknologi- og industrifag, har det blitt vanskelegare å kome inn siste åra. Dette er eit tilbod som både er etterspurt frå elevar, men også eit område der elevane klarer å kome seg vidare frå inn i arbeidslivet. Vi er uroa for ungdomar som no ikkje får oppfylt ynskja sine, men slit med å auke kapasitet ytterlegare på dette området. Ei anna utfordring vi ser er at ein del inntatte elevar har dårleg norskkunnskapar. Dette kan verte krevjande, særleg når ein skal få på plass eit fagspråk eller snakke med kundar/brukarar.

Trass svært stor variasjon i elevane som kjem inn, opplever vi likevel at ein svært stor del av elevane våre lukkast, og kjem seg vidare til arbeidslivet. Vi opplever ein stor vilje blant alle tilsette for gje alle elevar eit best mogleg tilbod, og også mest mogleg tilpassa opplæring. Vi har også eit tett og godt samarbeid med arbeidslivet i regionen, noko som også bidreg positivt til at vi får til gode tilbod til elevane våre.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Generelt leverer skulen stabilt godt på Elevundersøkinga. Tala er i stor grad stabile dei siste tre åra, og generelt ligg vi høgt på dei fleste indikatorane samanlikna med snittet i fylket. Det er gledeleg å sjå at vi også har hatt ei fin utvikling på områda Utdanning og yrkesrettleiing og Vurdering for læring dei siste tre åra. Trass gode resultat er det viktig at vi held fram med utviklingsarbeidet vårt, og også vidare vektlegg gode prosessar som gjer at heile skulen utviklar ein praksis som gjer at elevane våre har det bra på skulen, både fagleg og sosialt. Skuleåret 23-24 hadde skulen mellom anna stort fokus på korleis få enno fleire elevar til å møte og vere aktive på skulen, og korleis skulen og lærarane kan legge til rette for gode og tilpassa opplæringsløp for enkeltelevane. Skulen fekk tilført mykje ny kunnskap, gjennom seminar med tilsette, og der også eksterne samarbeidspartar, som til dømes grunnskulenivå, NAV og helsevesen var til stades. Vi håpar på at arbeidet vil gje positive utslag. Skulen har eit mangfaldig elevgrunnlag, og kan også ha enkeltelevar som utfordrar oss på ulike måtar. Dette er elevar som kanskje i liten grad har positive skuleerfaringar frå tidlegare. Dette var også eit viktig fokusområde; korleis trygge elevane, byggje gode relasjonar og elevane gode opplevingar og meistring tidleg. Skuleåret 23-24 vart det elles gjennomført eit stort omstillingsarbeid knytt til skulen sin økonomiske situasjon, og vi har frå skuleåret 24-25 redusert bemanning. Vi er spent på korleis dette vil slå ut på framtidige Elevundersøkingar.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	4
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	1
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Skulen har eit stort fokus på læringsmiljø, og vi brukar VIP programmet aktivt, både gjennom makkerskap ved oppstart, men også gjennom VIP-veke. Kontaktlæraren er sentral, og skulen har også styrka kontaktlærarrolla, både tidsmessig, men også gjennom skulering av kontaktlærarar. Skuleåret 23-24 opplevde vi likevel fleire krevjande læringsmiljø saker, med mange elevar involvert. SIM-teamet var tungt inne i desse sakene, og arbeidde målretta med å utvikle læringsmiljøet blant elevane som var involvert. Som del av arbeidet med desse sakene fekk vi også laga samlingar for tilsette der desse fekk drøfta og fekk opplæring i korleis arbeide med læringsmiljø. Sjølv om sakene var krevjande opplevde vi at dei var utviklande, både for tilsette, men også at elevane kom seg gjennom opplæringa.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	4
Møter i skolemiljøutval	0
Møter i skoleutval	0

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	Ja

Skulen har gode resultat på vurdering for læring. Vi arbeider tett opp mot forskning og fagfornyinga kring det å sjå ein raud tråd i undervegsvurdering, profesjonskompetansen og vurdering i fag opp mot kva eleven skal verte. Skulen har ein høg score på elevmedverknad. Vi har og siste år(a) ei særskilt merksam på endringane om meir involvering og medbestemming kring tilpassa læring og vurdering. Elevane fortel at vi lukkast med ei relevant, variert og praktisk opplæring samt felles regelhandtering jf. medbestemming kring klassane sine eigen samspelsreglar.

Skuleåret 23-24 vart det gjennomført store endringar på skulen, og arbeid inn mot skulemiljøutval kom dessverre ikkje godt i gang dette året, og vart heller ikkje prioritert seinare. I høve Elevrådsarbeid opplevde vi derimot at vi fekk eit fint samarbeid, og at vi også prøvde ut nye former for elevdemokrati. Elevrådsleiar var jamleg med på leiarmøte, og hadde også mange meir uformelle møte med skuleleiinga. Vi prøvde også ut det vi har kalla avdelingsråd. Her vert tillitsvalde frå klasser på eit programområde invitert til møter saman med avdelingsleiar. Deltakarane opplevde dette som gode og konstruktive møter, og som også førte til at relevante saker, til dømes knytt til læringsmiljø, vart arbeidd med.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2023-24, prosent	91,5%
--	-------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
BA	85,4%	92,9%		87,3%
TP	95,6%	96,9%		96,0%
HO	86,4%	95,2%		90,7%
EL	100%	95,8%	81,8%	94,9%
RM	80,0%	66,7%		73,7%
Total	90,9%	93,4%	81,8%	91,5 %

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Ørsta vgs	85,5%	91,7%	88,0%	88,7%	91,5%
Fylket	91,2%	91,4%	89,6%	89,6%	87,5%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

I høve gjennomføring ligg Ørsta vidaregåande skule svært høgt. Vi hadde kun eit fåtals elevar med kode I (5 stk) og M (4 stk). Vidare var det 12 med avbrot gjennom året.

Årsaka til at skulen i stor grad lukkast med å få elevane gjennom trur vi handlar om at vi har ein kultur for å vere tett på elevane, og også at det gjennom mange år har vore arbeidd godt med korleis den enkelte tilsett skal arbeide med gode relasjonar i høve den

enkelte elev. Skulen har også brukt relativt store ressursar på å styrke laget rundt eleven, med ulike tiltak. Men dette har også kosta økonomisk, og framover vert det gjort relativt store kutt i ein god del av denne styrkinga, mellom anna gjennom reduksjon i ressursar til rådgjeving og elevassistentar. I tillegg må skulen no også slå saman klasser til større undervisningsgrupper, noko som igjen gjer det vanskelegare for lærarane våre å vere tett på den enkelte eleven. Vi er usikre og spente på korleis dette vil slå ut på gjennomføringstala framover. Det arbeidet som vert gjort ved skulen for å legge til rette for den enkelte er viktig – og vi håpar på at vi også framover klarer oppretthalde eit godt tilbod for ei mangfaldig elevgruppe, med svært ulike behov for tilrettelagt opplæring.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
BA	4,01
HO	4,47
TP	3,91
EL	4,07
RM	3,61

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Ørsta vidaregåande skule	4,00	4,19	4,20	4,11	4,08
Fylket	4,22	4,26	4,24	4,21	4,20

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Trenden over tid er at karaktersnittet dei siste fem åra har vore rimeleg stabilt. Vi ser også at karakterane betrar seg mykje gjennom vidaregåande, samanlikna med inntak frå ungdomsskulen. Vi erfarer elles at karakternivået når ein samanliknar eksamen og standpunkt står seg greitt i høve kvarandre. Det er viktig å halde ein kontinuerleg diskusjon rundt vurdering og karaktersetjing, noko vi også framover vil gjere.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	9,5%	16,3%	6,8%
Vg1	9,1%	15,1%	6,4%
Vg2	10,4%	16,7%	7,3%
Vg3	6,7%	30,8%	6,7%
Vg4			

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Ørsta vgs	3,4%	2,5%	3,7%	6,2%	6,8%
Fylket	3,5%	2,5%	2,7%	6,6%	7,0%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Dei seinare åra er det arbeida bevisst på å få elevane til både å møte opp, verte på skulen og bestå. Auka gjennomføring har vore ein raud tråd i skulen sitt arbeid. Vi ser likevel at fråværet dessverre aukar, både lokalt og i fylket. Vi må arbeide vidare med å

vere tett på eleven, og også arbeide med kva rutinar vi har på oppfølging av elevar med høgt fråvær. Dette vil også stå på agendaen for neste skuleår. Det er viktig at vi får elevane til å møte opp og delta i opplæringa.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2023-24

Prosent	Tal
3,8%	12

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Ørsta vgs	5,9%	1,9%	4,1%	2,9%	3,8%
Fylket	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen arbeider hardt med både lærarar og støtteteam for å få ned talet på elevar som sluttar. Likevel ser vi at nokre programområde har eit større omfang enn andre. Vi ser dette til dømes i samanheng med tal elevar som har fått oppfylt sitt første val av utdanningsprogram. Samtidig er det nok slik at vi også dessverre må rekne med nokre få sluttar, knytt til det å ha ei helse som gjer at ein klarer fullføre ei yrkesfagleg og praktisk utdanning. Men målet vårt er framleis å få ned talet på elevar som sluttar, og vi håpar på at vi gjennom god tilrettelegging klarer halde talet på eit absolutt minimum.

4.5 Overgangar

Skulen har hatt eit stort fokus på å arbeide med overgangar. Vi har hatt gode rutinar for møter med ungdomsskular i høve enkeltelevar, og oppfylling av elevar med A og B-skjema. Vi må redusere dette arbeidet noko no, knytt til økonomi, men prøver jobbe med meir effektive tiltak for likevel kunne klare oppretthalde best mogleg kvalitet på arbeidet. Vi har elles ein del av elevane som tek repetisjon på same eller lågare nivå, til dømes elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn eller andre typar av utfordringar som gjer dette føremålstenleg. Gjennom eit prosjekt knytt til Samfunnskontrakten arbeider vi no med ein revisjon og utvikling av korleis vi arbeider med overgangar i skulen. Målet vårt er å få enno fleire elevar ut i lærekontraktar/opplæringskontrakt. Det er eit mål at fleire elevar går ut vg2 i lærekontrakt med mål om å ta eit fagbrev. Vi vil også framover ha fokus på arbeidslivet, og korleis vi kan bu arbeidslivet på dei elevane som skal ut. Det er svært positivt at vi frå skuleåret 24-25 også får auka ressursar til dette arbeidet. Vi trur dette arbeidet vil bere frukter, og at vi klarer formidle enno fleire ut i arbeidsliv.

Skulen har elles også eit svært godt samarbeid med OT, og også NAV. Gjennom ein kombinasjon av det arbeidet vi gjer i skulen, og det arbeidet OT og NAV gjer håpar vi på at ungdomane våre får ei god oppfølging, og at vi i samarbeid klarer legge til rette for at elevane kjem seg ut i arbeidslivet.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Året 23-24 har vore prega av store omorganiseringar i skulen på grunn av den økonomiske tilstanden, og frå august 24 har vi vesentleg færre tilsette enn tidlegare, trass auke i elevtal. Skulen har også fått ny rektor, og det har blitt tilsett ein ny avdelingsleiar. I ei tid med mange endringar er det viktig å halde fokus på det gode arbeidet og den gode kulturen som skulen har for å tenke elevane sitt beste i verksemda. Vi ynskjer å arbeide vidare med utviklingområda frå tidlegare, men samtidig også arbeide for ein enno tettare og meir integrert og effektiv organisasjon som har felles målsetjingar i gje elevane eit best mogleg grunnlag for arbeidslivet. Både generelt i skulen, og i leiargruppa opplevast det at vi har komplementær kompetanse som kan utnyttast i utviklingsarbeid. Framover ynskjer vi i enno større grad rigge oss på ein måte som gir profesjonsutvikling ikkje berre på avdelingsnivå, men også på tvers i organisasjonen. Skulen har to ettermiddagar i veka, som er avsett til samarbeid, i tillegg til at det også er timeplanfesta tid for samarbeid i faggrupper. Det er i stor grad avdelingsleiingarar som set agenda for samarbeidstida, og desse er svært viktige utviklingsaktørarar.

Det har også vore ein del lærarar som tidlegare har tatt kompetansehevande vidareutdanningar. Sjølv om vi no har redusert dette knytt til økonomisk situasjon, vil vi prøve utnytte også desse betre inn mot kollektiv utvikling. Desse lærarane har tileigna seg ny og nyttig kompetanse som kjem skulen til gode, dersom vi klarer få til gode arenaer for erfaringsutveksling, og arbeid med praksis. Men dessverre fører økonomi til at vi i liten grad kan hente inn eksterne ressursar, eller sende nokon på etterutdanningstilbod. Vi håpar på at vi i framtida igjen kan få rammer som gjer at vi i større grad kan gjere dette – på kort sikt vil truleg sparetiltaka ha mindre å seie, men vi er redde for at tiltaka kan verke utarmande på lenger sikt.

Vi vil også framover arbeide med å utvikle og effektivisere organisasjonen på ein måte som gjer at mest mogleg ressursar kan kanalisert på ein måte som gir auka læringsutbytte for elevane. Dette handlar lokalt om at vi lagar rutinar og kulturar som gjer at energien kan gå mot dette. Til dette treng vi også støtte frå skuleeigar. Det er viktig

også på dette nivået at ein heile tida tenkjer korleis endringar som vert gjort støttar lærarane sitt arbeid i undervisningssituasjonen. Det er i møtet mellom elev og lærar at utviklinga skjer – og det er det er kvaliteten i dette arbeidet administrasjon og skuleleiing skal fasilitere for. Vi trur dette dels skjer gjennom å arbeide med kultur, men også gjennom å ha eit stor fokus på forenkling og effektivisering – og der den primære målsetjinga – oppfyllinga av opplæringa sin formålsparagraf heile tida vert løfta fram.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no